

**Norsk ornitologisk foreining, avdeling Sogn og Fjordane**

**Foreining for fuglevern**

V/Nils Chr. Bjørgo

Sandvik

6926 Krakhella

Norges vasdrags-og energidirektorat  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 Oslo

**Uttale i sak om søknadar om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Sogndal kommune.**

Vi viser Dykker referanse: NVE- 201000031 – 18, 201202577-16, 200901236-18, 201300089 – 12, ksk/toc, smf og elfa Arkiv: 312

Norsk ornitologisk foreining avdeling Sogn og Fjordane, er uroa over talet småkraftverk som vert søkt om kringom heile fylket og landet elles.

Kwart og eitt av desse tiltaka isolert sett, verkar kanskje ikkje å vere så alvorlege. Sett i samanheng vert inngrepa store og ein har pr. i dag lita eller inga kunnskap om konsekvensane korkje i høve til kvart einskild tiltak eller tiltaka sett i samanheng.

Vi er både uroa over konsekvensane av inngrepa totalt sett, og over manglande konsekvensutgreiingar framføre kvart einskild tiltak.

Det bør vere eit krav at områda vert grundig sjekka ut for eventuelle sårbare artar før eventuelle løyve vert gitt.

Det bør også vere eit krav at konsekvensen for alle utbyggingane totalt sett vert utgreidd, blant anna med omsyn til ein art som til dømes fossekall.

I denne saka er det snakk om å leggje over 12,6 km elv/bekk i røyr og erstatte desse med ei minstevassføring, og det berre i Sogndal kommune.

Det må vere eit krav at vi er kjent med kva konsekvensar dette gir både for fuglelivet, som er vårt hovudfokus, men også for anna biologisk mangfold i og ikring vassdraga.

Vi vil først og fremst, på eit generelt grunnlag, rá frå ei utbygging av vassdraga og oppmøde om at desse vert tekne vare på av omsyn til det biologiske mangfaldet.

I dei tilfelle der ein likevel ønskjer å gi løyve til utbygging, krev vi at det på førehand vert gjort grundige registreringar av fuglelivet i området til ulike tider av året. Og at konsekvensane av tiltaket vert godt utgreidd.

Til slutt: Vi ser oss leie for at denne uttala diverre vert sendt tre dagar etter høyringsfristen. Vi vonar likevel at uttala vert teken med og vert teken omsyn til!

Med helsing

Norsk ornitologisk foreining avdeling Sogn og Fjordane

v/Nils Christian Bjørgo, for styret.